



Invitasjon til årsmøte for Rusettervernet i Sogn og Fjordane

Hei alle saman, vyrde ettervernara og pårørande!

Rusettervernet vil med dette kalle inn til årsmøte for 2024. Dette skjer heilt på bryggekanten i det nyoppussa **Quality Hotel i Florø**, laurdag **16 mars**. Årsmøtet er kun for medlemmar av gruppene i Rusettervernet og våre kontaktpersonar rundt i fylket.

Vi startar med lunsj kl 12:00 og sjølve årsmøtet startar kl 13:00.

På kvelden blir det god middag og sosialt samvær. Åresal er obligatorisk og ordet er fritt for dei som ynskjer å sei nokre ord eller halde ein quiz. Denne delen av årsmøte er ope for ektefelle/barn/partnar/og liknande. Hugs gevinstar og pent antrekk.

Påmeldinga skjer direkte til fylkessekretær på telefon 94834493 eller epost post@rusettervernet.no. Dette er uavhengig av om ein skal ha overnatting eller ikkje, men for å sikre at alle får lunsj. Rusettervernet dekkar sjølvsagt alt frå laurdag til sundag! Arrangementet er udiskutabelt og definitivt rusfritt for alle.

Dei som vil komme på fredag, lyt bestille og dekke dette sjølv, evnt gruppene dekker for sine. Det er råd å nytte eige [søknadsskjema](#) på våre nettsider om gruppa treng støtte.

Frå fredag til laurdag gjeld desse prisane på overnatting (inkludert frukost):
Enkeltrom kr. 1490,- pr person
Dobbelrom kr. 1790,- pr person

Alle bestillingar av rom/dagpakke/middag skal skje innan 9 mars. Om du allereie no veit at du skal delta, ikkje nøl med å melde deg på. Vi har kun eit visst antall rom reservert.

Spørsmål ang årsmøtet/påmelding kan ein gjere på 94834493 eller post@rusettervernet.no

Beste helsing

Fylkessekretær, Rusettervernet i Sogn og Fjordane